

Sykkylven kommune
Halstein Kurseth

Dykkar ref.

Vår ref.
23/640-2/KES

Dato
04.09.2023

Sykkylven kommune – 12 nye vegnamn ved Fjellsætra – tilråding

Me syner til eit brev som Halstein Kurseth i Sykkylven kommune skreiv til stadnamntenesta i Språkrådet 9. juli i år.

Sætralia eller *Sætreli*a (som namn på veg nr. 1) (alternativ nemnde i brevet frå kommunen)
I SSR (Sentralt stadnamnregister) er primærnamnet, som då gjeld ei li attmed Fjellsætra, registrert med skrivemåten *Sætralia* som eineform. (Denne namneforma skal blant anna vera nytta på ØK-kartet AT 101-5-4.) Når det gjeld bruken av -a- i mellomlekken i dette namnet, syner me til punkt 6 i *Utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn*. (Der står det blant anna: «Ein bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med dialektuttalen.») Me tilrår at **Sætralia** blir vedteken som adressenamnform. (På Sunnmøre finst det ikkje frå før nokon adressenamn med formene *Sætralia* og *Sætreli*a.)

Svodene eller *Svodevegen* (forslag til namn på veg 2)

Vegen kan seiast å gå i retning mot Svodene, men namnet *Svodene* vil ikkje vera dekkjande for heile vegparsellen. Difor bør -vegen leggjast til som etterlekk i adressenamnet. Me tilrår at **Svodevegen** blir vedteken som adressenamnform.

Lia (føreslege som namn på veg 3)

Lia er ikkje teke i bruk som adressenamn tidlegare i nokon sunnmørskommune. Me tilrår at vegen får namnet **Lia**.

Øygardsstølen eller *Drotninghaugstølen* (forslag til namn på veg 4)

I SSR er *Øygardsstølen* og *Drotninghaugstølen* registrerte som to namn på éin og same stølen. Me tilrår at vegen får namnet **Øygardsstølen**. Dette namnet er litt kortare og difor lettare å uttala enn det hitt. (Stølen høyrer til gnr. 30 i Sykkylven kommune.)

Legene eller *Stølslegene* (alternativ til namn på veg 5)

Legene er teke i bruk som adressenamn tidlegare både i Ørsta, Volda, Herøy og Sande. Det aktuelle adressenamnet i Sykkylven bør difor få ei utmerking (ein førelekk) som skil dette namnet ut frå dei andre namna, og utmerkinga bør syna at parsellen og den aktuelle kvileplassen for husdyr ligg i eit stølsområde, nærare sagt i eit beiteområde attmed stølane på gnr. 29 og 30. (Jamfør med korleis namnet *Legene* er plassert på nettsida Norgeskart og med det at første (nedre) halvdel av den aktuelle vegparsellen ligg på stølen som høyrer til gnr. 30 medan den øvre delen av parsellen ligg på stølen til gnr. 29.) Me tilrår at vegen får namnet **Stølslegene**. På Sunnmøre finst det ingen veg som er gjeven dette namnet tidlegare. (Jamfør med den neste namneposten.)

La(de)stølen eller *Stølsvegen* (alternativ til namn på veg 6 (og veg 8))

I SSR er det primære gardsnamnet (namnet på gnr. 29) og det avleidde stølsnamnet registrerte med skrivemåtane *Lade* og *Ladestølen* som godkjende og prioriterte former. I brevet frå kommunen er det føreslege å nytta *Lastølen* som offisiell skrivemåte. Sidan det ikkje er gjennomført namnesak for gardsnamnet og for dei tilhøyrande avleiingsnamna, finn me det greiast at det i vegnamnsaka ikkje blir teke utgangspunkt i desse namna. Me tilrår at vegen får namnet **Stølsvegen**. (Jamfør med den føregåande namneposten.) *Stølsvegen* er ikkje teke i bruk som adressenamn tidlegare i nokon sunnmørskommune.

Vesleskipet eller *La(de)dalen* (alternativ til namn på veg 7)

Me skjønar det slik at *Vesleskipet* er eit rimeleg godt kjent namn i det aktuelle parsellområdet, og me finn grunn til å støtta forslaget om at dette namnet blir teke i bruk som namn på adresseparsellen. Namnet bør skrivast **Vesleskipet**. I SSR er skrivemåten *Vesleskipet* registrert som eineform. (Sjå elles det me har skrive i den føregåande namneposten om namn som er avleidde av gardsnamnet *Lade* / *La*.)

Larshola og *Grønhol*a (forslag til namn på vegane 9 og 10)

Desse namna verkar godt dekkjande for dei to vegparsellane. Skrivemåtane **Larshola** og **Grønhol**a er fullt ut tilrådelege.

Namn på ein veg (veg 11) attmed ein stad som heiter *Reset* (ulike alternativ)

Reset er tidlegare teke i bruk som namn på ein veg i Vikedalen i Sykkylven. Det kan difor ikkje nyttast som namn på den aktuelle vegen attmed Sætrevatnet. Denne vegen bør heller ikkje gjevast namnet *Resvegen*. Dette namnet er teke i bruk som namn på ein veg i Stranda kommune og på ein veg i Volda kommune. Vegen det er tale om i den saka me har føre oss no, ligg i nokre bakkar som går opp mot øvre delen av den ryggen som heiter *Reset*. Vegen må difor kunna gjevast namnet **Resbakkane**. Nemninga *braut* er nytta som etterlekk i ein god del vegnamn på Sunnmøre, blant anna i tre vegnamn i Sykkylven, namna *Einebrauta*, *Nakkebrauta* og *Smibrauta*. Me meiner difor at **Resbrauta** vil vera eit greitt alternativ til namn på vegen attmed Sætrevatnet.

Namn på ein veg (veg 12) som går til Fitjastølen (stølen til garden Fet, gnr. 33)

Vegen bør få namnet **Fitjastølsvegen**. I SSR er stølsnamnet registrert med forma *Fitjastølen* som prioritert skrivemåte. Forma *Fitjastølen* er parallell til vegnamnforma *Fitjavegen*, som då

er knytt til den vegen som går til hovudtuna på Fet. (Gardsvegen startar i eit kryss om ligg på nabogarden Dravlaus, gnr. 25.) (I denne saka kan ein òg jamføra med lokale namneformer som *Fitjabrua*, *Fitjvatnet* og *Fitjagjerdet*. Alle desse namna har utgangspunkt i gardsnamnet *Fet*.)

Me minner om at alle adressenamnvedtak skal meldast til Kartverket (post@kartverket.no) og til Språkrådet (post@sprakradet.no). (Jf. med § 9 i forskrifta til stadnamnlova). SSR-registrering av adressenamna skjer no automatisk når ein legg namna inn i matrikkelen. (Sjå det som står på adressa <https://www.kartverket.no/til-lands/stadnamn/handbok-for-navnebehandling#heading-10619>). Melding om vedtaka skal likevel sendast til Kartverket og Språkrådet.

Språkrådet har laga eit e-læringskurs om stadnamnarbeid og stadnamnlova. Dette kan vere særleg nyttig for kommunetilsette som arbeider med stadnamn. Kurset er tilgjengeleg gjennom denne lenkja: <https://laeringsplattformen.difi.no/kurs/971527404/vegen-til-stadnamnet-eit-kurs-i-stadnamnarbeid-og-stadnamnlova>.

Med helsing frå

Ingvil Brügger Budal
stadnamnkonsulent

Daniel Gusfre Ims
seksjonssjef

Kjell Erik Steinbru
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.

Mottakar:

Sykkylven kommune

Kopi til:

Kartverket	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS
------------	-------------------------	------	----------

Vedlegg:

Sykkylven kommune – tolv nye 112243
vegnamn attmed Fjellsætra –
brevet frå kommunen
Sykkylven kommune – tolv nye 112244
vegnamn attmed Fjellsætra –
flyfoto med vegparsellane 1–4

Vedlegg:

Sykkylven kommune – tolv nye 112245

vegnamn attmed Fjellsætra –

flyfoto med vegparsellane 5–8

Sykkylven kommune – tolv nye 112246

vegnamn attmed Fjellsætra –

flyfoto med vegparsellane 9–

12

Sykkylven kommune – tolv nye 112247

vegnamn attmed Fjellsætra –

kart med vegparsellane 1–4

Sykkylven kommune – tolv nye 112248

vegnamn attmed Fjellsætra –

kart med vegparsellane 5–8

Sykkylven kommune – tolv nye 112249

vegnamn attmed Fjellsætra –

kart med vegparsellane 9–12

Sykkylven kommune – tolv nye 112250

vegnamn attmed Fjellsætra –

saksdokumentet frå

kommunen